


Skattkista

Skal observere matteleik



Prosjektleiar Hilde Skaar Davidsen trur observasjonsmateriellet MIO er noko mange forskulelærarar har venta lenge på. Foto: Aschehoug Forlag

Observasjonsmateriell skal auke kunnskapen om barnet si tidlege matematiske utvikling.

AV: JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR

- Me hadde lyst til å sjå på kva ein kan gjøre tidleg for at færre skal oppleve matematikk som vanskeleg seinare, seier prosjektleiar Hilde Skaar Davidsen ved Sørlandet kompetansesenter.

Observasjonsmateriellet er delt inn i tre deler som skal observere barnets evne til: å bruke det matematiske språket i resonnering, sjå geometriske løysingar og å telje. Davidsen legg vekt på at det unike med prosjektet ligg i at det er barnets eigen aktivitet og leik som vert observert.

- Det kan til dømes vere om barnet klarer å dekke eit bord etter kva mat som skal serverast, og kor mange som skal ete. Om dei klarer å skilje mellom stor og liten, opp og ned. Eller om dei klarer å legge eit puslespel, seier ho.

Målet er å gi dei tilsette i barnehagane kompetanseheving og ulike tiltak som kan prøvast ut i kvardagen. Slik kan ein hjelpe dei borna som ikkje meistrar dei matematiske utfordringane som dukkar opp.

Kan førebyggje problem

Prosjektet vart prøvd ut på til saman 1200 born før det endelige materiellet vart utvikla.

- Me erfarte då at 70 - 80 prosent av borna meistrar dette heilt naturleg. Men det handlar om dei som ikkje klarer det. For å kunne sjå utviklinga må ein ha blikket på einskildbarnet og prøve å legge til rette for den einskilde tidleg i barnehagen. Amerikansk forsking viser at ein då kan førebyggje mange problem, seier Davidsen.


Vidare til Danmark

MIO er eit samarbeidsprosjekt mellom Sørlandet kompetansesenter (Forum for matematikkstring) og Universitetet i Stavanger. Observasjonsmateriellet er utvikla i nær kontakt med førskulelærarar over heile landet, som har kome med sine kommentarar. Håndboka vart lansert våren 2008 på Aschehoug Forlag og skal nå også lanserast i Danmark.

Les meir om MIO på www.kursveven.no

Pirion-kurs

Korleis skapar me ein kulturbarnehage?



Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?

Om kurset

Kulturavisa Pirion tilbyr kurs i kulturformidling for tilsette i barnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.

Kurset skal vere med å bevisst gjera dei vaksne på kva kultur ein ønskjer å formidle og syne korleis den lokale kulturen og historia er eit godt grunnlag for dette.

Samstundes blir det praktiske øvingar som dei vaksne kan ta med seg i sitt vidare arbeid.

Pirionkurset passar for både små og store grupper. Kurset varar mellom 6 og 8 timer.

kyrkje, kultur og oppvekst, åtte gonger årleg. Pirionkursa er eit tilbod me har til alle, heilt uavhengig av abonnement.

Om kurshaldarane


Kurshaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forteljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.

Kontakt:

Vil du tinga kurs eller få meir informasjon, ta kontakt med Astrid Eidhammer Hjelmeland:
tlf: 52 79 04 84 / 97 19 47 88
(måndag og tysdag mellom 9 og 15)
epost: pirion@norsk-plan.no

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no



nr. 6 - 2008


Pirion


- kulturavis for barnehagar og skular



Lise Lunde Nilsen ved Våland skole viser fram nokre av elevane sine Haugtussa-bøker som dei lagde i løpet av det treårige prosjektet.

Med Veslemøy inn i nynorsken





På Våland skole i Stavanger har bokmålselevar jobba med dikta til Arne Garborg frå Haugtussa (1895). Det som byrja som eit litteraturprosjekt, er også blitt eit omfattande språkprosjekt.

TEKST OG FOTO: JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR

D

Det var lærar Lise Lunde Nilsen som tok initiativet til Haugtussa - prosjektet der elevane fekk innsyn både i Arne Garborg si dikting og det nynorske skriftspråket. Med seg i arbeidet fekk ho lærarane Anne Lise Sømme Kielland og Torunn Berge Gloppen. Prosjektet fylgde elevane frå 2. til 4. klasse og vart avslutta no i vår. Då hadde om lag 60 elevar delteke i prosjektet.

- Det var spanande å sjå korleis bokmålselevane lærte nynorsk utan at me underviste i det, seier Nilsen.

Språket til Veslemøy

Ein time i veka vart sett av til Haugtussa. Elevane vart kjende med Veslemøy som er mager, mørk og mjå. Dei veit at ho var ei synsk gjetarjente som såg underjordiske, og at ho var forel-

ska i Jon. Dei reiste på tur til Høg-Jæren for å oppleve det universet Veslemøy levde i, og for å leite etter troll. Dei har lese, skrive og teikna vers og dikt. Dei har studert enderim og bokstavrim, og ikkje minst har dei lært kva språk Veslemøy brukte.

- Dei visste at Veslemøy sa «eg» og «ikkje». Me spurde dei ofte: Korleis ville Veslemøy sagt dette? Og så lærte dei at dette var nynorsk, språket til Arne Garborg, fortel Nilsen.

Elevane lærte også språkhistorie, og fleire av dei oppdaga etter kvart likskapen mellom deira eigen Stavanger-dialekt og nynorsk. Slik fekk dei eit eigarforhold til språket og såg den lokale tilhøyrsla til litteraturen.

Læringskurva var bratt, frå å vere elevar på 6 - 7 år som ikkje kunne lese, til dei i 4. klasse skreiv heile vers frå Haugtussa. Dei fleste av elevane var også ivrige etter å lære seg nynorsk.


- Dei kunne ofte velje om dei ville skrive ein tekst på nynorsk eller bokmål. Dei fleste valde nynorsk. For mange var det stas å kunne skrive nynorsk. Og me har berre fått positive tilbakemeldingar på prosjektet, ikkje minst frå foreldra, seier Lise Lunde Nilsen.

Nokre av desse elevere skulle også gått i nynorskklasse dersom det hadde blitt noko av, fortel Nilsen, som viser fram arbeidsbøkene elevane lagde gjennom

dei tre åra.

Her har dei skrive inn vers frå Haugtussa, skrive kjærleiksbrev til Jon, og illustrert handlinga i versa. På

Lærar Lise
Lunde Nilsen



Haugtussa - prosjektet

Treårig litteratur- og språkprosjekt der bokmålselevar i 2 – 4 klasse ved Våland skole i Stavanger har lest og jobba med tekstar frå Arne Garborg si Haugtussa. Målet har vore å lære elevane nynorsk tidleg i barneskulen utan å direkte undervise i det. Initiativtakar til prosjektet er lærar ved Våland skole, Lise Lunde Nilsen. Prosjektet fekk støtte frå nynorsksenteret og vart avslutta no i vår.

mange av sidene har læraren kommentert, både på bokmål og nynorsk.

Gå via litteraturen




- Sidan desse borna var så unge, måtte me bruke den ytre handlinga om Veslemøy som grunnlag for arbeidet, seier Nilsen og viser til at Haugtussa i utgangspunktet er ein ganske tung tekst av Garborg.

Lise Lunde Nilsen har også tidlegare undervist om Haugtussa i barneskulen. Men dette er første gang opplegget får støtte av Senter for nynorsk i opplæringa i Volda. Nynorsksenteret rår då også til å starte tidlegare med undervisning i nynorsk. Nilsen kjenner ikkje til liknande prosjekt i landet og meiner det heilt klårt er for lite satsing på å få nynorsken inn tidleg i barneskulen.

- Tipset må vere å gå via litteraturen, det er bakvegen til språket. Finn ein spanande tekst som til dømes Katten av Olav H. Hauge. Det er eit dikt ein kan arbeide med også saman med dei minste borna, seier ho.

Nilsen trur ikkje det vert nokon reprise av Haugtussa-prosjektet til hausten, men kanskje vert det noko som liknar.

- Me kjem nok til å jobbe litterært til hausten også. Kanskje blir det ei satsing på Wergeland sidan det det er Wergeland-år, smiler ho.



Ein av tekstane til
Våland - elevane.